

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Grinde, 21 september 2012

Trolleholselva Kraftverk Høyanger

Registreringsnummer 5292 Saksnummer: 200708099
Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: rono@online.no

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.741. Kraftverket ligg i Høyanger/Balestrand Turlag sitt arbeidsområde.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Stølsheimen landskapsvernområde er eit regionalt og eit nasjonalt viktig turområde. Stølsheimen ligg langt vest mot havet og det røffe landskapet med de unike variasjonane i topografien i saman med de mange vatna har trekt mange turgåare til dette paradiset. Fjella stup rett ned til Sognefjorden i nord og utsikten frå høgda mot vest i kveldinga gjev ein spesiell oppleving. Fleire stad kan ein (nesten) sjå sola gå ned i havet...

Området er godt utbygd med turlagshytter og Bergen Turlag drifter mange av desse.

Nærleiken til Bergen gjer at ein tur til Stølsheimen er attraktivt.

Frå Sognesida er Ortnevik innfallsporten til perlen. Stien til Brydalssetra og vidare inn til Norddalshytta er godt nytta.

Kommentar til grunngjevinga for tiltaket punkt 1.2:

Småkraft AS argumenterer med at bygging av Trolleholselva kraftverk vil gje «samfunnsmessige fordeler» ved å bidra til «den nasjonale kraftoppdekningen».

Turlaget skal ikkje ha sagt så mykje om dette og halde seg til naturbruken, men ein er spørjande om dette argumentet er verd og bruke når mykje av straumen frå vasskrafta vert eksportert.

Grøne sertifikat gjev utbyggjarane statstilskott til å gjennomføre kraftutbyggingar. Ingen veit om grøn kraft erstattar fossil energi. Me antar det, men for mykje kraft kan lett føre til redusert pris på kraft og dermed auke forbruket. Krafta kan komme som eit tillegg til den fossile energien. Om Trolleholselva kraftverk først er etablert vil det vere avgjerande at energiprisen er høg.

Utbyggingskostnaden for utbygginga 4,04 kr/kWh er over gjennomsnittet. Setninga med informasjon om at Trolleholselva kraftverk kan redusere CO2 utslepp tilsvarende 1250 privatbiler er flott! Korleis kunne me ha målt verdien av fritt rennande vatn?

Småkraft AS bruker sjølvstøtt argument som passer for å få konsesjon.



Kommentar til 1.4 Dagens situasjon og eksisterande inngrep.

I siste avsnitt vert elva skildra. «Substratet er grovt med til dels blokker ...»

Turlaget vil ved denne skildringa stille spørsmålet om den tenkte minstevassføring i det heile vil syne i elveleia. Med dette substratet vil truleg det meste av vatnet forsvinne under steinane og vere mindre- eller usynleg.

Uklar tekst i 2.2 Teknisk plan for det søkte alternativ.

I setninga. «I kryssningen av elven graves røret ned under elvebunnen og det sikres for erosjon.»

Det er vel ingen tvil om at alt rør skal gravast ned heile vegen eller tildekkast? Det er registrert at det ikkje er ynskjeleg med stor skog over rørgate i samband med skader. Det vil i så fall kunne bli eit markert belte også etter utbygging. Ein ber NVE å sette vilkår slik at rørgatearealet vert tilbakeført til det opphavlige og at det ikkje vert avgrensingar for kva som kan vekse av vegetasjon i traséen. Det må ikkje opnast for massedeponi i området.

Kommentar til punkt 2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket.

• Bidrag til nasjonal kraftoppdekning

Turlaget kan med denne og alle de planlagde utbyggingar i fylket ikkje sjå at det er ein fordel med denne utbygginga i forhold til ein nasjonal kraftoppdekning all den tid kraft vert eksportert. Naturvernutvalet i Sogn og Fjordane vil tvert imot føre dette som ein ulempe. Det er kraft i marknaden

pr i dag som vert eksportert, det er søkt om konsesjon til store utbyggingar elles i fylket. Det er nedleggingar i industribygdene Høyanger og Årdal der kraftkrevjande industri ikkje er rekningsssvarande pr i dag. Krafta som produserast til denne industrien må ein pårekna vil komme til nye marknader i framtida og konkurrere med nettopp desse som ynskjer å byggje ut nye vassdrag.

• Redusert vassføring i elven

Det er sjølvmotseiande at ein registrerer grov substrat men likevel ynskjer ein minimal minstevassføring. Grov substrat vil tvert imot måtte medføre ein auka minstevassføring!

Sluttkommentar:

Sogn og Fjordane Turlag og Bergen Turlag som begge er berørt av utbygginga i dette område og ynskjer at NVE ser nærare på minstevassføring i begge elvene. Turstien inn til Stølsheimen går att med Breidalselva og ein tørrlagt elv vil vere ein dårleg oppleving inn til dette landskapsvernområde. Etter anleggsfasen må området kunne få tilbake sitt naturlege preg i rørgatearealet.

Venleg helsing

For SOGN OG FJORDANE TURLAG

Naturvernutvalet: Ron Overdevest